

**Møteprotokoll**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, kommunestyresalen
Dato:	24.09.2024
Tid:	14:00 - 15:45

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tarjei Aamot Haga	Leiar	AP
Nils Magne Blålid	Nestleiar	SV
Inga Margrethe Fagerbakke	Medlem	AP
Randi Høgås Nesse	Medlem	UAVH

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	MEDL	H

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Trond Harald Hystad	Fredrik Litleskare	H

Merknader

Planlagt kurs i forkant av møtet 24.09.24 vart avlyst av di førelesar var sjuk, og vil bli sett opp att i tilknytning til første kontrollutvalsmøte i 2025.

Andre som møtte

Namn _____ Stilling _____

Tommy Johansen Kommunedirektør
Siren Eldøy Hinderaker Personal- og organisasjonssjef (sak PS 26/24)
Unni-Renate Moe Partner og rekneskapsrevisor i Deloitte AS
Kjersti Gjuvsland Forvaltningsrevisor i Deloitte AS
Hogne Haktorson Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Tarjei Aamot Haga
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 7/24 GK 8/24	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.05.2024	2023/470	
Politiske saker			
PS 26/24	Kommunedirektøren orienterer om postlistene i Stord kommune	2023/469	
PS 27/24	Revisjonsplan og risikovurdering i høve etterlevingskontroll 2024 for Stord kommune	2023/476	
PS 28/24	Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - prosjektplan	2024/98	
PS 29/24	Budsjett 2025 for kontrollarbeidet i Stord kommune	2023/486	
PS 30/24	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 31/24	Eventuelt	2023/468	
Referat saker			
RS 13/24	Partnerbytte	2023/514	
RS 14/24	Kommunestyrevedtak 30.05.2024 - utdrag	2023/477	
RS 15/24	Kommunestyrevedtak 17.06.2024 - utdrag	2023/477	
RS 16/24	Nytt fra FKT juni 2024	2022/33	
RS 17/24	Årsmøteprotokoll FKT 2024	2022/33	
RS 18/24	FKT - Medlemsinformasjon september 2024 - Invitasjon til webinar	2022/33	
RS 19/24	Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene	2022/33	
RS 20/24	Oversending av 30 journalpostar om generalforsamling mv.	2023/475	
RS 21/24	VS: Protokoll frå generalforsamling i Sunnhordland lufthavn AS	2023/475	

GK 7/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.
Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

GK 8/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.05.2024

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.05.2024 vert godkjent.

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til møteprotokollen.
Møteprotokollen vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.05.2024 vert godkjent.

PS 26/24 Kommunedirektøren orienterer om postlistene i Stord kommune

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Tommy Johansen var tilstades. Personal- og organisasjonssjef Siren Eldøy Hinderaker orienterte kontrollutvalet, og var bl.a. innom dette:

- Overskrift ikkje merka u.off, men saka var det. Overskrift låg ute fredag til måndag (om barn og foreldre). Det var ein teknisk og menneskeleg feil.
- Kommunenhar sjekka tidlegare ROS analysar, alle relevante skjema og kontrollrutinane internt, samt har snakka med mor til barnet.
- Kommunen meldte rutinemessig frå til Datatilsynet, som har avslutta saka og legg til grunn at kommunen jobbar med det ein kan for å hindra at det skjer på nytt.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 27/24 Revisjonsplan og risikovurdering i høve etterlevingskontroll 2024 for Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimisrevisjonsrapport 2024 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 04.12.2024 med frist for levering til sekretariatet 15.11.2024.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2024 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Partner Unni-Renate Moe orienterte om Deloitte sine vurderingar, og kom bl.a. inn på kva område som er merka med raudt. Vedr. etterlevingskontroll er det denne gongen tenkt å sjå på utlån – startlån.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimisrevisjonsrapport 2024 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 04.12.2024 med frist for levering til sekretariatet 15.11.2024.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2024 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 28/24 Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 03.10.2024. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 30.04.2024, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i maimøtet i 2025.

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om utkast til prosjektplan.

Kontrollutvalet og revisor hadde ei grei drøfting. Kommunedirektøren hadde og nokre refleksjonar.

Det kom ikkje forslag om endring av prosjektplan. Derfor utgår forslag til vedtak pkt. 2 og dei øvrige vedtakspunkta vert flytta opp.

Forslag til vedtak, inkl. denne justeringa vedr. pkt. 2, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 03.10.2024. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 30.04.2024, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i maimøtet i 2025.

PS 29/24 Budsjett 2025 for kontrollarbeidet i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2025 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om forslag til budsjett 2025 for kontrollarbeidet.

Det kom ikkje forslag om endring. Derfor utgår siste del av utkast til vedtak i sjølve vedtaket.

Forslag til vedtak, inkl. denne justeringa, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2025 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

PS 30/24 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Under gjennomgangen kom det fram at fleire hovudutval har synfaringar, men at protokollering om synfaringar er ulik frå utval til utval. Burde det vera likt, eller er det gode grunnar for å ha det ulikt? Bør det vera eit minimum av informasjon i protokollføring etter synfaring?

Etter sams drøfting vart det vedteke å be kommunedirektøren om ei orientering om dette til neste møte. Svarfrist vart sett til 13.11.24, og sekretariatet fekk fullmakt til å formulera spørsmålet endeleg.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Påskrift frå sekretariatet om spørsmålet, basert på drøftinga i utvalet, der og kommunedirektøren var tilstades:

Kontrollutvalet har lagt merke til at fleire hovudutval har synfaringar, men at protokollering frå synfaringane varierer frå hovudutval til hovudutval. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientera skriftleg innan 13.11.24 og munnleg i kontrollutvalet sitt møte 04.12.24 om dette:

1. Bør protokollering frå synfaringar som hovudutvala gjennomfører vera lik frå utval til utval?
2. Er det evt. ein god grunn for at protokolleringa i hovudutvala er ulik i form og innhald.
3. Bør det vera eit minimum av informasjon som vert protokollert etter ei synfaring?

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Utvalet ber kommunedirektøren orientera skriftleg innan 13.11.24 og munnleg i kontrollutvalet sitt møte 04.12.24 om protokollering etter synfaringar i hovudutvala. Sekretariatet får fullmakt til å formulera endelege spørsmål til kommunedirektøren.

PS 31/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Generalfrsamling i Hordfast AS

Utvalsmedlem Fredrik Litleskare etterspurte før møtet formell innkalling og protokoll frå GF i Hordfast AS 2024. Sekretariatet innhenta informasjon frå selskapet og ettersendte denne til alle i utvalet i epost av 17.09.24.

Ettersom desse dokumenta ikkje opphavleg var sendt til kommunen sitt postmottak, vart dei heller ikkje vidaresendt til kontrollutvalet v/ sekretariatet. Utvalet ønskjer at postmottak i Stord kommune står som mottakar av slike dokument i framtida.

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak

Generalfrsamling i Hordfast AS

Kontrollutvalet ber om at postmottak i Stord kommune står som kopimottakar for alle utsendingar frå Hordfast AS relatert til GF eller andre styrande organ i selskapet. Dette slik at kontrollutvalet kan bli informert av kommunen og har reelt høve til å vera observatør jmf. kommunelova § 23-6, 5. lekk.

RS 13/24 Partnerbytte

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet ønsket Unni-Renate Moe velkommen som ny partner / oppdragsansvarleg revisor for Stord kommune.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 14/24 Kommunestyrevedtak 30.05.2024 - utdrag

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 15/24 Kommunestyrevedtak 17.06.2024 - utdrag

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 16/24 Nytt fra FKT juni 2024

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 17/24 Årsmøteprotokoll FKT 2024

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 18/24 FKT - Medlemsinformasjon september 2024 - Invitasjon til webinar

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalsleiar oppmoda utvalsmedlemane om å delta på Webseminar.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Medlemar i kontrollutvalet vert oppmoda til å delta på Webseminar.

RS 19/24 Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 20/24 Oversending av 30 journalpostar om generalforsamling mv.

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet, i samråd med utvalsleiar henvende seg til Stord kommune 23.05.24, med oppmoding om å få oversendt informasjon gjeldande generalforsamlingar, representantskap og tilsvarande organ der Stord kommune har eigarskap. Dette ut frå kontrollutvalet sin rett til å vera til stade i slike møter, jmf. kommunelova § 23-6. Mykje informasjon vart motteke i etterkant av denne hendinga, og referatsaka inneheld oversyn over slike.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 21/24 VS: Protokoll frå generalforsamling i Sunnhordland lufthavn AS

Saksprotokoll 24.09.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

I samråd med kontrollutvalsleiar vart det avtalt at nestleiar Nils Magne Blålid deltok som observatør på ordinær GF 2024 i Sunnhordland lufthavn AS.

Nils Magne Blålid orienterte om generalforsamlinga.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.